

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 16.07.15

Vår ref. 797/15/BSI/5.7.12

Dykkar ref.: 15/1419-15/13498

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

e-mail

## **MELAND, HOLME – SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR NY LOKALITET.**

Viser til dykker brev av 30.06.15, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

### **Generelle merknader**

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø.

Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å sökje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må definere kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.

Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusingsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.



IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einskilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>. I høve miljø må ein òg ta med at mērdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersistema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyningar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

#### Lokaliteten Holme

Det blir her søkt om dispensasjon frå kommuneplanen i høve å flytte oppdrettsanlegget frå Laksevika ved Hjertås til område ved Holmeknappen.

Fiskarlaget Vest meiner i utgangspunktet at slike prosessar bør skje via rullering av kommuneplanen.

For Meland er arealdelen i kommuneplanen nyleg vedtatt, 17.06.2015.

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase, og i kommuneplanen, er det registrert kaste-/låssettingsplass nordaust for omsøkt område, jf. vedlagde kart.

Under føresetnad av at fortøyningane ikkje kjem til hinder for bruk av låsplassen ved Kjedalen finn ein å kunne godta omsøkte lokalitet.

Elles visar ein til dei generelle merknadene, spesielt når det gjeld fortøyning/rydding og bruk av lusemiddel (kreps i området).

Med helsing  
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebø  
Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag  
Hordaland Fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fiskeridirektoratet region vest

30.06.2015



# Meland, Holme



Målestokk: 1:34 910